



# ÅRSPLAN

2018  
2019



Rosendal



# INNHALD




**BARNET  
FØRST!**


Innleiing .....	3
Verdigrunnlag.....	5
Satsingar - lokale og sentrale .....	6
Rosendal FUS friluftsbarnhage .....	6
Språk og god kommunikasjon .....	8
Inkluderande barnhage og skulemiljø -	
Livsmestring og helse.....	10
Vera saman .....	11
Egenledelse i leik og læring.....	12
Smartmat .....	14
Innhaldet i barnhagekvardagen .....	15
Omsorg.....	15
Læring.....	16
Leik .....	17
Danning.....	19
Progresjon.....	20
Barns medverknad .....	21
Samarbeid barnhage - heim.....	22
Overgangar .....	23
Ny i barnhagen.....	23
Overgangar i barnhagen.....	23
Overgang mellom barnhage og skule .....	24
Barnhagen som pedagogisk verksemd .....	25
Digital praksis .....	27



# INNLEIING

Rosendal FUS barnehage 2018- 2019 består av to basar og fire barnegrupper.

 **Årmannstovo**, 3-6 års base med gruppene Kjeldestøl og Midtseter .

 **Samslåtto**, 0-3 års base med gruppene Putt og Kalvatre.

Alle base- og gruppenamna er stadnamn frå Rosendal og områda rundt.


Årsplanen er fyrst og fremst arbeidsreiskapen til dei tilsette. Eit anna viktig formål er at planen skal synleggjere samfunnsmandatet til barnehagen, og at vi i samarbeid og forståing med heimen skal ivareta barna sine behov. Gjennom omsorg, leik, danning og læring skal vi leggje grunnlaget for ei allsidig utvikling for kvart enkelt barn.

Årsplanen er ein overordna plan. Den enkelte barnegruppa utarbeider i tillegg temaplan og månadsplanar. Desse planane er på detaljnivå, og her vil ein mellom anna sjå korleis barnehagen sikrar å arbeide mot mål innan dei sju fagområda i rammeplanen.

**MYKID** – frå august 2018 er dette det nye kommunikasjonssystemet vårt mellom heim og barnhage. Årsplan, temaplan og månadsplanar vil de frå august finne i MyKid. E-post vert framleis ein viktig arena for kommunikasjon.

Rosendal FUS barnehage har ein eigen progresjonsplan der målet er å leggje til rette for ei gradvis utvikling og læring gjennom barnehagetida. Progresjonen skal vi sikre gjennom medvite val av pedagogisk innhald, arbeidsmåtar, leiker og materiale og utforming av det fysiske miljøet (Rammeplanen, 2017).

Barnehageåret 2018-2019 vert framleis **Språk og god kommunikasjon** eit satsingsområde hos oss. Språkleg kompetanse er avgjerande for å kunna kommunisera med andre, delta i leik og ha medverknad i kvardagen. Språkleg kompetanse er også viktig med tanke på skulegang og deltaking i arbeidslivet i framtida. Dette barnehageåret vi vi ta i bruk Språkløyper frå Lesesenteret som systematisk verktøy for arbeid med språk.




På planleggingsdagen 15. august gjekk startskotet for vår nye satsing på friluftsliv. Frå no av er vi **ROSENDAL FUS FRILUFTSBARNEHAGE**.

Vi er underlagt same lovverk og forskrifter som før. Endringa skal vise igjen i at vi flyttar mykje av læringa ut i naturen. Vi vil bruke barnehageåret 2018/ 2019 til å implementere nye arbeidsmåtar i høve til dette. Meir om friluftssatsinga inne i planen.

## STYRINGS- OG GRUNNLAGSDOKUMENT

- ✿ **Barnehagelova** av 17.06.2005
- ✿ **Rammeplan for barnehagen – innhald og oppgåver** av 01.08.2017.
- ✿ FN sin barnekonvensjon
- ✿ Vedtekter for Rosendal FUS barnehage
- ✿ FUS overordna fagplan
- ✿ Serviceerklæring for FUS barnehagane
- ✿ Etske retningslinjer for tilsette i FUS barnehagane
- ✿ Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular
- ✿ Progresjonsplan for Rosendal FUS barnehage
- ✿ Kompetanseplan for tilsette

Årsplanen er godkjent av SU august 2018.



# VERDIGRUNNLAG



## VI ER SKAPANDE

Vi er leikande  
Vi er kreative  
Vi ser moglegheiter og har  
evna til å tenkja nytt

## VI ER TILSTADEVERANDE

Vi ser kvart enkelt barn  
Vi undrar oss i lag med barna  
Vi ser kvardagsmagien i dei små  
augneblinka

## VI ER GLØDANDE

Saman med barna  
Tilsette byr på seg sjølv  
Vi viser humor og arbeidsglede i  
kvardagen

SAMAN GJEV VI  
BARNDOMEN VERDI.  
LEIK OG GLEDE.  
KVAR DAGSMAGI OG  
VENNEGARANTI

KUNDELØFTE:

**GOD KOMMUNIKASJON  
EVENTYRLYST  
LEIKEKOMPETANSE  
VENNEGARANTI**

## HOVUDMÅL

- ✿ FUS barn har eit positivt sjølvbilete
- ✿ FUS barn er trygge og utforskande, trivst i leik og har vennekompetanse
- ✿ FUS barn har gler seg til resten av livet og veit at dei har høve til å påverka og at innspela deira tel
- ✿ FUS barn har det kjekt i barnehagen

# SATSINGAR - LOKALE OG SENTRALE

## ROSENDAL FUS FRILUFTSBARNEHAGE

Barnehageåret 2018/ 2019 skal vi i Rosendal FUS barnehage implementere nye arbeidsmåtar og endre rutinar for å verte det vi kallar ein friluftsbarnehage. Vi har diskutert kva det er som kjenneteiknar vår barnehage, kva vi brenn for hos oss og kva barna viser interesse for. Svaret meiner vi å finne rett utanfor barnehageporten. Vi ønsker å flytta mykje av læringa ut i naturen.

Hovudmålsetjing er;

**I Rosendal FUS friluftsbarnehage brukar vi naturen som læringsarena heile året.**

Vi meiner at alle fagområda i rammeplanen vert ivaretekne gjennom ei satsing på friluftsliv. Dei skal spegle område som har interesse og eigenverdi for barn i barnehagealder. Det vert likevel eit ekstra fokus på **Kropp, rørsle, mat og helse** og **Natur miljø og teknologi**.

Barna skal sanse, oppleve, leike, lære og skape ute i naturen. Mange aktivitetar som vi før har gjort inne, vil vi flytte ut og ta med oss på tur.

### I Rosendal FUS barnehage skal tilsette:

- 🌸 leggja til rette for mangfaldige narturopplevingar og bruke naturen som arena for leik, undring, utforsking og læring
- 🌸 gje barna kjennskap til prosessar og samanhengar i naturen
- 🌸 vise interesse og engasjement for mangfaldet i naturen
- 🌸 vere engasjerte, aktive og deltakande i samspel med enkeltbarnet og med barn i gruppe

### I Rosendal FUS barnehage skal barna:

- 🌸 oppleva trivsel , glede, meistring ved allsidig rørsleerfaring
- 🌸 ha gode friluftsupplevingar året rundt
- 🌸 få kjennskap til syklusen i naturen
- 🌸 verta kjent med stader i nærmiljøet og lære å orientera seg og ferdast tryg
- 🌸 vidareutvikla omgrepsforståinga og bruka eit variert ordforråd
- 🌸 ha- og vere gode turvener
- 🌸 inkluderast i leik, aktivitet og bevegelse ilag med andre, utifrå eigne førestetnader



## SPRÅK OG GOD KOMMUNIKASJON

«Barnehagen skal vere bevisst på at kommunikasjon og språk påverkar og blir påverka av alle sider ved barnet si utvikling» (Rammeplanen).

Rosendal FUS barnehage skal ha **SPRÅK OG GOD KOMMUNIKASJON** som satsingsområde 2018/ 2019.

- ✿ Språkstimulering er ei viktig oppgåve i barnehagen, og barna skal møte og vere ein del av eit rikt og variert språkmiljø. Språk er avgjerande for å kunne kommunisera med andre, delta i leik og for å ha medverknad i eigen kvardag.
- ✿ Barna lærer best når dei deltek aktivt og får bruke språket saman med andre.
- ✿ Vi legg vekt på **KVARDAGSSAMTALEN**. Gjennom den lærer barn korleis omgjevnadane forventar at dei skal snakke, oppføre seg og gjere ting. Kvardagssamtalen er dialogar der barna lyttar, brukar språket, og får tilbakemelding i det daglege. Måltidet er ein god arena for språktrening. Vi benevner og øver på omgrep når vi ryddar av bordet, set på tralla og samtalar.
- ✿ Vaksne må vere medvitne i samtalen med barn og fylla på med eit rikt språk. Vi som vaksne skal møte barn på deira interessefelt og vere gode språkmodellar for dei.
- ✿ For dei yngste barna vert det viktig å leggja vekt på den **UFORMELLE LÆRINGA** gjennom dei daglege omsorgssituasjonane. Dei yngste barna lærer fyrst og fremst gjennom direkte og konkrete erfaringar med gjenstandar og fenomen og ved imitasjon. Målet vil vere å utvikla språkleg medvit gjennom leik, aktivitetar, samtalar, song, rim og regler. Felles opplevingar og aktivitetar gjev unike moglegheiter for kommunikasjon mellom barn. Ei veksling mellom bruk av kropp, rørsler og ord er ei støtte for utviklinga av talespråket. Når barn er i eit godt språkleg samspel lærer dei kva språket skal brukast til og korleis dei meistrar det. Alle barn skal få eit rikt og variert språkmiljø i barnehagen.
- ✿ I samtalar med barn nyttar vi opne spørsmål. **OPNE SPØRSMÅL** inviterer barn til å bruka språket og til å formidla meir. Opne spørsmål handlar og om haldningane våre til barnet som aktør. Dette inneber at vi ser på barnet som ein som veit kva han/ho har opplevd og tenkjer, meiner, veit og føler. Opne spørsmål gjev rom for undring, refleksjon og fantasi.





### **I Rosendal FUS barnehage skal tilsette:**

- ✿ anerkjenne og respondere på dei ulike verbale og ikkje- verbale uttrykka til barna og støtte språkutviklinga deira
- ✿ sørge for at alle barn får varierte og positive erfaringar med å bruke språk som kommunikasjonsmiddel, som reiskap for tenking og som uttrykk for egne tankar og kjensler
- ✿ vera bevisste på rolla som språkleg førebilete og vere lydhøyre i kommunikasjon med alle barn
- ✿ følgje med på kommunikasjonen og språket til barna og fange opp og støtte barn som har ulike former for kommunikasjonsvanskar, er lite språkleg aktive eller har sein språkutvikling
- ✿ bidra til at språkleg mangfald vert noko positivt for heile barnegruppa, støtte fleirspråklege barn i å bruke morsmålet sitt og samtidig aktivt fremje og utvikle den norskspråklege kompetansen til barna

### **I Rosendal FUS barnehage skal barna:**

- ✿ få god språkstimulering gjennom barnehagekvardagen
- ✿ få delta i aktivitetar som fremjar kommunikasjon og ei heilskapleg språkutvikling
- ✿ verte møtt med opne spørsmål
- ✿ møte eit godt språkmiljø som gjev rom for å gje uttrykk for tankar, kjensler og erfaringar



<https://sprakloyper.uis.no/>



## INKLUDERANDE BARNEHAGE OG SKULEMILJØ - LIVSMESTRING OG HELSE

«Barnehagen skal ha ein helsefremjande og førebyggjande funksjon og bidra til å jamne ut sosiale forskjellar. Barnas fysiske og psykiske helse skal fremjast i barnehagen»  
(Rammeplanen)

I Kvinnherad kommune har vi ei felles satsing på inkluderande barnehage- og skulemiljø. Denne satsinga skal bidra til å styrka dei tilsette sin kompetanse i å leggja til rette for eit godt miljø for omsorg, leik, læring og danning i tråd med krava i rammeplanen. Arbeidet skal også styrka dei tilsette sin kompetanse i å førebyggja, avdekka, stoppa og følgja opp diskriminering, utestenging, mobbing, krenking og fremja eit godt og trygt barnehagemiljø. Alle barn skal oppleve å vere ein del av eit fellesskap. Dei skal få utfordringar som er tilpassa alder og modning, og dei skal få støtte om dei møter motgang.

Målsetjing er; *I Rosendal FUS barnehage skal alle barna møte eit godt og inkluderande læringsmiljø utan mobbing og krenking*

Kvar eining har utifrå sine ståstadanalysar valt ut sine kjernekomponentar og område for forbetring.

	KJERNEKOMPONENTAR	PRIORITERTE TILTAK
1	Felles samtale om og utforming av normer for samhandling	Samlingsstunder med Vera saman materiell Fokus i kvardagssituasjonar Barns medverknad Konflikthandtering
2	Nulltoleranse for diskriminering, utestenging, mobbing og krenking og uheldige samspelsmønster	Fokus på tilstadeverande vaksne FUS dagen med fokus på vennskap
3	Gjennomtenkt utforming av fysisk miljø	Tilgjengelege leiker Like høve for deltaking i aktivitetar

<http://laringsmiljosenteret.uis.no/barnehage/omsorg-lek-og-laring/>

Kvinnherad kommune har utarbeida ein handlingsplan til arbeid mot mobbing.

Link til dokument [Handlingsplan mot mobbing](#)

Tilsette skal kjenne til opplysningsplikta vi har jf. barnehagelova §22.

## VERA SAMAN

Vera saman er eit kompetanseløft for tidleg innsats og endringsarbeid i barnehagen.

Arbeidet tok til hausten 2015, og dei fleste barnehagane i Kvinnherad kommunen har vore med. Målet om å vere ein autoritativ barnehage er langt på veg nådd. Det vil sei at dei tilsette er godt kjende med- og utøver ei autoritativ vaksenrolla. Med det meiner vi vaksne som har fokus på varm relasjonsbygging til barnet og samstundes er tydelege vaksne som kan setje grenser og krav.

Om vi har opplevd ei positiv endring i barnehagen, kan vi aldri sei oss ferdig med dette arbeidet. Materiellet i Vera saman vil framleis verte brukt i direkte arbeid med barna. I samlingsstunder med heile barnegruppa og i mindre grupper.


Dei fem kjernekomponentane i Vera saman;

- ✿ Autoritativ vaksen
- ✿ Relasjonsbygging og kommunikasjon
- ✿ Tidleg innsats
- ✿ Handtering av utfordrande åtferd
- ✿ Implementering og organisasjonsutvikling.



Vera saman skal ha ein samanheng med dei andre satsingane våre; Språk og god kommunikasjon, inkluderande barnehage- og skulemiljø samt FUS satsing på egenledelse i leik og læring.

Å sjå den raude tråden mellom satsingsområda våre, skal gjere den enkelte tilsette tryggare på seg sjølv og sin eigen praksis og erfaring knytt opp mot ny teori.



## EGENLEDELSE I LEIK OG LÆRING - HOS OSS KJEM LEIKEN FYRST!

Vi beskriv ofte **EGENLEDELSE** som ”hjernen sin dirigent”. Egenledelse er evna til å vera aktiv og sjølvstendig i ei oppgåva over tid. Det er eit felles omgrep på funksjonar i hjernen som set i gang og styrer det vi seier og gjer.

Barn må nytta mange eigenskapar for å løysa daglegdagse utfordringar, og egenledelse er avgjerande for å bruka egne ferdigheter så godt som mogleg.

Rolleleiken er spesielt godt eigna til å utvikla egenledelsen. Difor har leik, spesielt rolleleik, ein sentral plass i Rosendal FUS barnehage. Vårt mål er at kvart barn skal verta den beste utgåva av seg sjølv. Difor kjem leiken fyrst hjå oss i Rosendal FUS barnehage.



På bildet under nyttar barna **arbeidshukommelsen**, og finn fram naudsynte rekvisittar som dei nytta dagen før. Barna har **organisert** leiken, og får hjelp av ein vaksen **til å setja leiken i gang** og utvikla den vidare. På førehand har barna laga ein enkel **plan** for å finna fram rekvisittar og invitera andre barn inn i leiken

Studering av ein snigle med hus vert dobbelt så spennande og lærerikt når barna deler den med andre. På tur og i naturen får barna utvikla egenledelsen.

Med uendelege moglegheiter til utforsking og eventyr, utviklar barn **fleksibilitet**, og kan enklare skifta merksemd frå ei oppgåva eller aktivitet til ein annan. For å dela små oppdagingar må barnet læra å gje rom til andre.

Ved hjelp av **sjølvregulering** og **sjølvmonitorering**, erfarer barn korleis egne handlingar skapar reaksjonar hos andre.



## SMARTMAT

### Smartmat – er ei felles satsing for alle FUS barnehagane

Vi ser at gode måltid bidreg til matgleda og gode matvanar hos barna. Vi vil at måltida skal vere ei god stund der barn får tid til å nyte maten og ha det hyggjeleg saman med dei andre barna og vaksne. Smartmat kan nytast like godt ute som inne.

**1. Vi serverer grønsaker til måltida.**

Vi serverer grønsaker så ofte vi kan – både oppskårne grønsaker til brødmåltid og varmmåltid med ein stor del grønsaker.

**2. Vi brukar rein fisk eller fiskemat med høgast mogleg innhald av fisk.**

Vi er nøye med å velje produkt med mest mogleg fisk, dersom vi ikkje serverer rein fisk.

**3. Vi brukar reint kjøt eller kjøtvarer med høgast mogleg innhald av kjøt.**

Vi er nøye med å velje produkt med høgast mogleg kjøttprosent, dersom vi ikkje serverar reint kjøt

**4. Vi brukar mest mogleg næringsrikt korn.**

Vi brukar næringsrike kornsortar med mest mogleg fullkorn. Vi bruker òg fleire typar ulike belgfrukt.

**5. Vi balanserar inntaket av ulike typar feitt.**

Det betyr at vi brukar plantefett som t.d. olivenolje og kokosolje, samt meierifeitt frå smør og ulike mjølkeprodukt.

**6. Vi brukar vatn som tørstedrikk.**

Vi drikk vatn når vi er tyrste, og kosar oss heller med mindre mengder av anna drikke.

**7. Vi brukar i størst mogleg grad naturlege søtingsstoff.**

Det betyr at vi bruker naturleg søte ting som frukt, bær og honning. (honning er ikkje anbefalt til barn under eitt år)

**8. Vi har god balanse mellom varmmåltid og brødmåltid for å skape variasjon.**

Vi serverer alternativ til brødmåltidet så ofte vi kan, slik at barna får eit variert kosthald og inntak av nok grønsaker.






# INNHALDET I BARNEHAGEKVARDAGEN

## OMSORG






«Omsorg er ein føresetnad for at barna skal vera trygge og trivast, og for at dei skal utvikle empati og nestekjærleik» (Rammeplanen).

Barn har behov for å knyte seg til ein eller fleire vaksne, for å etablere tryggleik i barnehagen. Denne etablerte tryggleiken vil i neste omgang fungere som ein base som barnet kan vende tilbake til når det utforskar sine omgjevnader. Trygg tilknytning er prega av omsorg, nærleik og stabilitet. Å verte møtt av omsorgsfulle vaksne som har ei anerkjennande haldning vil føre til at barnet opplever trygg tilknytning.

### I Rosendal FUS barnehage skal tilsette:

-  sørge for at alle barn trivs, føler seg trygge og føler tilhøyrse i barnehagen
-  kjenne barnet sine interesser og behov
-  møte barn med tillit og respekt
-  støtte barn si sjølvkjensle
-  vere tydelege rollemodellar for barna

### I Rosendal FUS barnehage skal barna:

-  verte møtt som den dei er
-  få gje og ta imot omsorg
-  få varierte utfordringar og oppleve meistring
-  oppleve eit miljø prega av glede, humor og kvardagsmagi
-  få medverke i eigen kvardag









## LÆRING

«I barnehagen skal barna oppleve eit stimulerande miljø som støttar opp om lysta til å leike, utforske, lære og meistre» (Rammeplanen).




Barn er nyfikne, kunnskapstyrste og lærelystne, det skal vi i Rosendal FUS barnehage støtte opp under. Og slik gje eit godt grunnlag for livslang læring og danning.

Vi nyttar metoden "Klara sjølv", den kan sjåast på som ein grunnmur for barns egenledelse. Den bidreg i stor grad til at barn utviklar sjølvstende og evne til å leie seg sjølv. Når eit barn får respons på eigne behov og ynskjer opplever det å verte sett, høyrd og teke på alvor. Dette er viktig for barns trivsel og utvikling. Vi vaksne skal leggje til rette for at barna skal få klare sjølve ut i frå alder og modning. Målet i Rosendal FUS barnehage er at: "Kvart barn skal verte den beste utgåva av seg sjølv".

### I Rosendal FUS barnehage skal tilsette:

-  vere glødande og skapande i møtet med barna
-  støtte barns vitebegjær og lærelyst
-  leggje til rette for vennskap og gode relasjonar mellom barna, då det er ein føresetnad for læring, oppleving av gleder og meistring
-  leggje til rette for formelle og uformelle læringssituasjonar

### I Rosendal FUS skal barna:

-  få tid til undring og spørsmål
-  få kjenne meistring
-  få utfordringar tilpassa alder og modning





## LEIK

«Leiken skal vere ein arena for utvikling og læring og for sosial og språkleg samhandling. Barnehagen skal gje gode vilkår for leik, vennskap og barna sin eigen kultur» (Rammeplanen).

## HOS OSS KJEM LEIKEN FYRST!

Leik er ei grunnleggjande livs- og læringsform. I leik kan barna delta med lyst og engasjement. Eit leikende barn kan skilje leik frå andre aktivitetar og tolke leikesignal. Barn som leikar, viser evne til å slappe av, la seg rive med og ha det morosamt aleine eller saman med andre. Leik er ei kilde til humor og glede, og gjennom ulike former for leik får barna moglegheit til å uttrykke seg og kjenne at si eiga opplevingsverd gjeld. (henta frå Udir)

Leik som metode er ein bevisst måte å jobbe på, som fører til at barn og tilsette får auka kompetanse på veldig mange område. Leik som metode skal gjere det enklare å fange opp einskild barn som treng støtte til å byggje opp eigenskaper innanfor egenledelse og sosialt samspel, samt bidra til generell økt kompetanse om rolleleik i barnegruppa. Barna får erfaring i å ha ulike roller. Saman med ein vaksen kan leiken avanserast og gje barna ei større forståing av samanhengar rundt seg, både i det sosiale livet i barnehagen og i samfunnet elles. Ved å nytte denne metoden har alle barna betre molegheiter til å utvikle seg og oppleve meistring i leik og sosialt samspel.



BARNET  
FØRST!

### **I Rosendal FUS barnehage skal tilsette:**

- ✿ organisere rom, tid og leikemateriale for å inspirere til ulike typar leik
- ✿ fremje eit inkluderande miljø der alle barna kan delta i leik og erfare glede i leiken
- ✿ rettleie barna dersom leiken medfører uheldige samspelsmønster
- ✿ vere bevisste på og vurdere si eiga rolle og deltaking i leiken

### **I Rosendal FUS barnehage skal barna:**

- ✿ oppleve glede, humor, spenning og engasjement gjennom leik
- ✿ få utvikle leikekompetanse
- ✿ få oppleve vennskap med andre barn
- ✿ få oppleve meistring
- ✿ ha nokon å leika med



ALLE HELD HENDER.  
HER ER VI VENNER.  
FUS LEIKAR MEST.  
ALLE BARN ER BEST.

## DANNING

Danning er ein livslang prosess som handlar om å utvikle evna til å reflektere over eigne handlingar og veremåte, både i samspel med omgjevnadane og med andre menneske.

Danning skal setje barna i stand til å tenkje sjølv, søkje kunnskap, reflektere over, utvikle kritisk tenking, stille spørsmål og yte motstand på eigne og andre sine vegne.

### I Rosendal FUS barnehage skal tilsette:


- 🌸 leggje til rette for meningsfulle opplevingar og støtte identitetsutviklinga og den positive sjølvforståinga til barnet
- 🌸 reflektere over eigne handlingar og veremåte
- 🌸 vere tilstadeverande og støtte einskild barn sin trivsel og utvikling ved å skape gode relasjonar mellom barn og vaksne

### I Rosendal FUS barnehage skal barna:

- 🌸 få sjå seg sjølv som eit verdfullt medlem av eit større fellesskap
- 🌸 utvikle tillit til seg sjølv og fellesskapet
- 🌸 vite at dei har høve til å påverke og at innspela deira tel
- 🌸 ha eit positivt sjølvbilete



DANNING ER KUNNSKAP SOM  
GÅR INN I HOVUDET,  
GJENNOM HJARTA OG UT I  
HENDENE. -HANDLING



# PROGRESJON

Progresjon er ei stadig endring, utvikling, meistring og framgang. Barnehagen skal vere ein dynamisk organisasjon som heile tida er i bevegelse og utvikling. Gjennom heile barnehagetida skal progresjon liggje til grunn for val av pedagogiske opplegg, val av utstyr og leiker og utforminga av det fysiske miljøet inne og ute. Kvart enkelt barn skal verte den beste utgåva av seg sjølv. Dei skal møte både utfordringar og meistring i barnehagekvardagen.

Kompetente vaksne som har kunnskap til å fange opp kva det enkelte barnet treng akkurat no, er ein føresetnad. Vaksne er til stades i det barna held på med, fangar opp interessene deira, byggjer vidare på dei og tilfører nye moment inn i aktivitetane. Dette skapar utvikling og ny forståing hos barna.

For å sikre alle barna progresjon er det avgjerande at læringsmiljøet i barnehagen er utforma slik at alle barn har like høve til å nytte seg av det. Kva som til ei kvar tid er tilgjengeleg av leiker og utstyr skal tilpassast barna der dei er. Dei vaksne må kontinuerleg ta opp og diskutere val av utstyr og artefakt og kunne grunngje kvifor ein gjer dei vala ein gjer. [KLARA SØLV](#) er ein arbeidsmetode vi nyttar som skal sikre at barna er aktive og deltakande i sin eigen progresjon og utvikling.

## I Rosendal FUS barnehage skal tilsette:

- leggje til rette for progresjon i barnehageinnhaldet for alle barna
- vere tilstadeverande og på den måte fange opp og vidareutvikle det barna allereie er opptekne av
- vere bevisste i høve til val av materiale, bøker, leiker, verktøy og utstyr
- ha fokus på det fysiske læringsmiljøet inne og ute, og gjere det tilgjengeleg for alle barn

## I Rosendal FUS barnehage skal barna:

- dagleg oppleve både meistring og utfordring
- få utfordringar og erfaringar tilpassa alder og modning
- møte vaksne som følger opp og vidareutviklar deira egne interesser

# BARNES MEDVERKNAD

«Barnehagen skal sikre barna sin rett til medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for kva dei synest om den daglege verksemda i barnehagen, jf. barnehagelova §§ 1 og 3, Grunnlova § 104 og FNs barnekonvensjon art. 12 nr. 1. Barna skal jamleg få høve til å delta aktivt i planlegginga og vurderinga av barnehageverksemda. Alle barn skal kunne få erfare å få påverke det som skjer i barnehagen» (Rammeplanen).

Barn er aktive aktørar i eige liv, i leik og i læring. Slik ønsker vi at barna i Rosendal FUS barnehage skal ha det. Barn skal ha rett til å gje uttrykk for eigne ønske og syn på barnehagen. Vaksne må ha evne til å tolka barna sine verbale og kroppsslege signal. Barna skal vere likeverdige subjekt med eigne ynskje og meiningar. Dei tilsette skal observere og reflektere over barn sine uttrykk og leggje tilrette for ei vidare utvikling rundt det barna er opptekne av. Å arbeide slik kan føre til progresjon også i barna sine eigne aktivitetar.

## I Rosendal FUS barnehage skal tilsette:

- 🌸 leggje til rette for demokratiske prosessar
- 🌸 gripe tak i det barnet er interessert i her og no og vidareutvikle dette
- 🌸 vere pålogga og tilstades

## I Rosendal FUS skal barna:

- 🌸 oppleve at dei er med å påverkar eigen kvardag
- 🌸 verte teken med på råd, planlegging og vurdering
- 🌸 ha rett til å utfalde seg sjølv og samtidig lære å ta del i fellesskapet
- 🌸 få «klara sjølv» ut i frå alder og modning



# SAMARBEID BARNEHAGE - HEIM



«Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barnas behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling» (Barnehagelova §1).

Samarbeidet mellom barnehagen og føresette skal alltid ha barnets beste som mål. Når tilsette eller føresette gjev informasjon, og andre er tilstades, skal dette alltid vinklast positivt. Om barnet er tilstades, er det naturleg at barnet vert involvert i samtalen. Vi snakkar med og ikkje om barna.

Foreldresamarbeidet skjer på individnivå med foreldresamtale to gonger i året og elles ved behov. Samt dagleg kontakt ved bringing og henting. På gruppenivå med foreldremøte i september og i april/mai.

Anna arena for samarbeid er FAU og SU. SU skal ha møte minimum to gonger i året. FAU har møte ved behov og ofte i forkant av SU møta. Desse organa skal også sikre at føresette sin rett til medverknad vert ivareteken. Årsplan vert godkjent av SU.

MyKid er vår nye digitale kommunikasjonsarena. Dette er eit godt og sikkert system for kommunikasjon og informasjon mellom heimen og barnehagen.



## **Rosendal FUS barnehage samarbeider med:**

-  Føresette
-  SU
-  Trygge barnehagar AS
-  FUS administrasjon og
-  FUS nettverk
-  Kvinnherad Kommune
-  PPT
-  Barnevern
-  Skular/ barnehagar
-  Helsestasjonen
-  Utdanningsinstitusjonar



# OVERGANGAR

*«Barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutinar og organiserer tid og rom slik at barnet får tid til å verte kjent, etablere relasjonar og knyte seg til personalet og til andre barn» (Rammeplanen)*

## NY I BARNEHAGEN


For det første møte i barnehagen har vi utarbeida eit arbeidsdokument for tilvenning på småbarnsgruppa; «[Dei yngste barna](#)». Det er ofte her det startar. Korleis barn og vaksne vert møtt den fyrste tida er grunnleggjande for trivsel og samarbeid vidare. Alle barn i vil få tildelt ein primærkontakt. Primærkontakten vil vera tett på i oppstartperioden, og brukar tid på å etablere god tilknytning til barnet og god kommunikasjon med foreldre. Vidare er det viktig med vaksne som ladestasjonar i tilvenningsperioden, vaksne er på golvet der barna er. Barna søker til og frå ladestasjonen, og utvidar horisonten sin etter kvart som tryggleiken og tilknytninga kjem på plass.

Link til dokument [Dei yngste barna.docx](#)

## OVERGANGAR I BARNEHAGEN

Også internt i barnehagen skjer det overgangar. Det kan vere at eit barn byter barnegruppe på basen, eller at dei byter frå småbarnsbase til storbarnsbase. Barnehagen og personalet skal sørge for at barnet og foreldra får tid og rom til å bli kjende med andre barn og anna personale når eit barn byter barnegruppe. Sjå arbeidsdokumentet «Overgang frå liten til stor base og mellom gruppene».

Link til dokument [Overgangar i barnehagen](#)



## OVERGANG MELLOM BARNEHAGE OG SKULE

Dokumentet «[Klar til skulestart](#)» er felles for alle barnehagane i Kvinnherad kommune og har dette som formål:

Gje det enkelte barnet ein god overgang frå barnehage til skule  
Reiskap for tilsette og føresette i barnehage og skule

### Overordna mål:

**Robuste barn som er klare for skulestart, der skulen er eit naturleg framhald etter barnehagen.**

For å gjere overgangen til skulen så trygg som mogeleg tek arbeidet med dette til allereie fyrste dag i nytt barnehageår. Då markerer vi dei nye skulekameratane med snorklypping.

Dei fleste barn i Rosendal FUS barnehage, skal gå ved Malmanger oppvekstsenter. Samarbeidet vert difor tettast med denne skulen. Har vi barn frå andre skulekrinsar vert det etablert eit godt samarbeid også der.

Skulekameratane har samlingar ei gong i veka . Desse samlingane inneheld alt frå turliv, besøk på skulen og skuleførebuande aktivitetar.

Viktige stikkord for arbeidet siste året i barnehagen er: **sjølvstende, sosial dugleik, språk og motorikk.**

Eigen plan for samlingane vert levert ut til føresette og lagt på heimesida vår.

Vi gjennomfører to ekspertsamtalar med skulekameratane. Ein om hausten og ein om våren. Dette er for at barna skal få høve til å medverke i barnehagekvardagen sin, kome med idear og ynskje, og dele tankar om overgang til skulen.

Link til dokument [Klar til skulestart](#)





# BARNEHAGEN SOM PEDAGOGISK VERKSEMD










## PLANLEGGING – PEDAGOGISK DOKUMENTASJON – REFLEKSJON – VURDERING AV PRAKSIS

« Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd som skal planleggjast og vurderast. Barn og foreldre har rett til medverknad i desse prosessane. Målet med barnehagen som pedagogisk verksemd, er å gje barna eit tilrettelagt tilbod i tråd med barnehagelova og rammeplanen. For å oppnå dette skal barnehagen vere ein lærande organisasjon, og det pedagogiske arbeidet skal vere grunngeve i barnehagelova og rammeplanen.» (Rammeplanen).

Vi planlegg med utgangspunkt i rammeplanen, barnehagelova og anna lovverk, og utifrå barna sine innspel, interesser og ynskje. Årsplanen er eit arbeidsreiskap for dei tilsette for å sikre kvalitet i arbeidet med barna. Kvar gruppe lagar temaplan og gjev ut månadsplanar og månadsbrev. Dei skisserar aktivitetar, turar og anna på den enkelte gruppa, med utgangspunkt i årsplanen. Månadsplanane og månadsbrev legg òg grunnlag for dokumentasjon og vurdering av arbeidet vårt. Dei gjev foreldra høve til å kome med innspel i barnas kvardag.

### **I Rosendal FUS barnehage vurderer/ dokumenterer vi skriftleg og munnleg på ulike måtar:**

-  Samtale ved levering og henting
-  Foreldresamtalar to gonger i året
-  Månadsplanar til føresette
-  Månadsbrev til føresette
-  Bilete, tekst, praksisforteljingar og teikningar
-  Samtalar med barn
-  Eksepertsamtale – intervju med skulekameratane

### **Kva:**

- ✿ Mål og tiltak i forhold til satsingsområda
- ✿ Vurdere korleis vi har jobba med kvart einskild fagområde
- ✿ FUS sin visjon
- ✿ FUS sine verdier
- ✿ FUS sine hovudmål
- ✿ Serviceerklæring

### **Kvifor:**

- ✿ Vurdere eigen praksis
- ✿ Verte betre og korrigerer kurs
- ✿ Kvalitet og utvikling
- ✿ Grunnlag for refleksjon og diskusjon i personalgruppa, og med barn og foreldre.
- ✿ Systematisk vurderingsarbeid legg grunnlag for barnehagen som lærende organisasjon

### **Korleis:**

- ✿ Observasjonar
- ✿ Samtalar med barn og foreldre
- ✿ Brukarundersøkingar
- ✿ Halvårsvurdering januar/ mai
- ✿ Modell for pedagogisk planlegging, dokumentasjon, refleksjon og vurdering
- ✿ Ekspertsamtale – intervju med barn



### **Når:**

- ✿ Kontinuerlig på gruppe-, personal-, og pedagogmøte og planleggingsdag
- ✿ Evaluering av temaplan kvart halvår

### **Kven:**

- ✿ Dagleg leiar har overordna ansvar
- ✿ Pedagogisk leiar har ansvar for si gruppe
- ✿ Alle tilsette skal vera med i vurderingsarbeidet





# DIGITAL PRAKSIS






«Barnehagen sin digitale praksis skal bidra til lek, kreativitet og læring»  
(Rammeplanen).

Omgrepet digital praksis i barnehagen kom med den nye rammeplanen i 2017. Bruk av digitale verktøy skal støtte opp om læringa til barna, og dette skal skje i samspel med aktive og tilstadeverande vaksne. Tilsette skal ha gjennomdrøfta haldingar til bruk av digitale hjelpemiddel og bruken skal ikkje dominere som arbeidsmåte. Tilsette har også ansvar for å hjelpe barna til å utvikle ei etisk forståing i høve til digitale- og sosiale medier. Brukt på ein slik måte vil digitale verktøy styrke det pedagogiske arbeidet i barnehagen.






Link til IKT aktivitetar knytt opp mot fagområda i rammeplanen:

[Digitale ferdigheter i opplæringa](#)

## I Rosendal FUS barnehage skal tilsette:

-  utøva digital dømmekraft
-  leggje til rette for utforsking, lek og læring gjennom digitale uttrykksformer
-  vere kreative og skapande i bruk av digitale verktøy saman med barna

## I Rosendal FUS barnehage skal barna

-  få kjennskap til etiske utfordringar ved bruk av digitale verktøy
-  verte kjent med digitale verktøy som kamera, gps og nettbrett
-  bruke digitale verktøy i naturen, knytt opp mot årstidene (sjå naturfagsenteret)
-  få erfaring med å bruke digitale verktøy til å kommunisere og uttrykke seg på nye måtar
-  få kjennskap til nye måtar å innhente og behandle informasjon



ROSENDAL FUS BARNEHAGE  
53 48 60 00  
Tlf. dagleg leiar: Marit Skåla Seglem 941 76 974

SAMSLÅTTO: 970 36 477  
ÅRMANNSTOVO: 415 53 792

Opningstid: 06:45- 17:00

Goto 26, 5470 Rosendal  
Epost: [dl.rosendal@bhg.no](mailto:dl.rosendal@bhg.no)  
Heimeside: <https://fus.no/rosendal>



Rosendal